

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

10. søndag i treeiningstida – 18.august 2019

Preiketekst: Mark 11,25-26

Lesetekst I: 1 Mos 33,1-11

Lesetekst II: Ef 4 29-32

Ikkje lett

Ein preiketekst på to vers – og det siste av dei to manglar til og med i dei eldste handskriftene - det må vel vere greitt å kunne legge ut om? Så viser det seg at både henvisningane og dei to lesetekstane så til dei grader understrekar eit alvorleg poeng.

«Eg hadde då rett!»

Om vi no startar med slikt som ein kan oppleve i mellom-menneskelege forhold: kven kan kjenne seg fri for somme tider å ha ei kjensle om å vere misforstått, eventuelt motarbeidd, ja, urettferdig behandla? Det er til og med fare for at dette hender minst like ofte i kristne kretsar som i samfunnet ellers – kanskje fordi det då også kan handle om tru og overtyding.

Krenking

Og nokre har opplevd alvorleg krenking og overgrep frå ukjende, frå tillitspersonar, frå kristne søsken. Kanskje invaderande framferd av verste slag, som set psykiske og fysiske spor.

Det fins heilt klart ulike grader av krenking, frå filleting, som du kan tole om dagen ellers er god – til det å bli skikkeleg trakka på, slik at det set deg heilt ut av spel for lange tider, riv ned sjølvbilete og sjølvkjensle.

Å skilje mellom fakta og kjensler er ikkje alltid like lett. Kanskje trengs det ekstern hjelp til å sortere og få eit sant bilete av kvar skulda ligg. – Skal då tilgangen til bøn vere avgrensa av eit heilhjarta oppgjær og tilgjeving?

Det kan vel ikkje vere Jesu meining at bønevegen skal vere stengd til du har fått hjelp til å finne ut av situasjonen?

Gud toler også vår klage, våre naudrop. Tenk berre på kong David, som i Salmane ofte ber om hjelp når han kjenner seg plaga og jaga.

Kompromisslaust?

Forholdet til andre menneske, og ikkje minst forholdet til medkristne, påverkar gudsforholdet. Det let seg ikkje gjere å spele ei rolle framfor Gud, han som kjenner hjarta. Fromme faktar og ditto tale vert berre falskhet og hykleri, dersom det vert lagt lokk på urett. Han som er Sanninga, krev sanning. Det handlar om å erkjenne livet som det er.

I dei tekstane som v. 25 viser til vert det brukt ulike uttrykk om den uretten som ligg der:

- Å ha noko å klage ein annan for (utan at det går fram av samanhengen kor alvorleg det er)
- At bror din har noko imot deg (heller ikkje her noko om grad av alvor)

Det handlar om urett begge vegar: at du har grunn til å klage på ein annan – og at en annan har

noko å klage deg for. Både urett mot deg, som du ikkje tilgjev – og den urett du sjølv har gjort mot andre, stenger for bøna / offeret. Begge deler stenger i gudsforholdet.

Brødreparet

Historia om møtet mellom dei to brørne, Esau og Jakob, har mykje spenning og nerve i seg. Ved nokre høve kan vel ein slik tekst vere den beste illustrasjon til poenget i preiketeksten. Dette er livet på ramme alvor. Vil det bli konflikt og øydelegging – eller forsoning og ei god framtid for dei begge?

Her går det fram at det å ta imot forsoningsgåva, og dermed ta imot bøna om tilgjeving, er det som opnar for den fredelege løysinga. Forsoningsgåva viser at det å be om tilgjeving ikkje berre er noko verbalt, det handlar også om å setje alt inn på å gjere det godt att.

Å be om tilgjeving skal og kan ikkje vere lettvind («Eg meinte det ikkje slik...»/ «Eg er lei meg dersom du er såra.»)

Det kristne sinnelaget

Jesu sinnelagsetikk og krav om eit sant og rett liv bygger på den nådestand han sjølv har sett oss inn i:

De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. (Kol 3).

Ver gode mot kvarandre og vis medkjensle, så de tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus. (Ef 4)

Andens frukt

Å vere god, å gjere godt, ha empati, vere overberande og tolmodig er idealet.

Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin. (Gal 5)

Bøna om tilgjeving må inkludere det harde sinnet, som har vanskar med å tilgi andre, som samlar på forureting og vonde tankar. Det kan bli ei bøn om hjelp til å tilgi / legge bort det vonde. Bøn om at Freistaren ikkje må få styre tanke og sinn, men at Frelsaren må få plassen, slik at takka for nåden kan overskygge alt anna.

Tilbake til David: Han ser på sine fiendar som Guds fiendar (han står då på Guds side, slik vi gjerne vil tru at vi gjer) – men erkjenner også eiga skuld og ber om nåde og tilgjeving, om eit nytt hjarte:

Mot deg åleine har eg synda, det som er vondt i dine auge, har eg gjort. Difor har du rett når du talar, du er rein når du feller dom....

Gud, skap i meg eit reint hjarte, gjev meg ei ny og stødig ånd! Driv meg ikkje bort frå ditt andlet, ta ikkje frå meg din heilage Ande!

(Salme 51)

Lat Anden i vårt hjarte bu, med balsam og med trøyst!

(Sitat frå NoS 416, Du Far og Herre, du som rår)

Annbjørg Eiksund Hesselberg

Tidlegare misjonssekretær i Den Norske Israelmisjon, no (frivillig) redaktør av Prekenverkstedet annbjorg.hesselberg@ntebb.no